



MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN  
J-170-93  
(J-175-92 UTGÅR)

*Art.nr. 400.5 Russland*

Bergen, 15.11.1993  
HJ/BJ

**SØKNAD OM LISENS FOR NORSKE FISKE- OG FANGSTFARTY I RUSSISK SONE I 1994.**

Drøftingane med Russland er enno ikkje avslutta, men vi legg i denne samanheng til grunn at ordninga med omsyn til lisens vert den same som vi har hatt tidlegare år. Alle fiske- og fangstfarty som skal driva i russisk sone må ha lisens frå russiske styresmakter.

Farty som vil delta i fiske og/eller fangst i russisk sone i 1994 må fylla ut og senda inn vedlagte (./.) søknadsskjema til Fiskeridirektøren snarast og seinast innen 9. desember 1993.

Fiskeridirektøren vil understreka at fiske i sona utan lisens vert sett på som eit svært grovt brot på russiske fiskeriføresegner.

For å unngå seinare endringar i lisensen for 1994 må De i søknaden oppgje rommelege tidsrom og alle reiskap- og fiskeslag som kan verta aktuelle for Dykkar vedkommande. Endringar i lisensen i løpet av 1994 vil normalt ta lang tid.

Søknadsskjema får De ved å venda Dykk til: Fiskerirettleiarane, fiskerisjefane, Norges Råfisklag, Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag, Vest-Norges Fiskesalslag, Norges Sildesalgslag, Norske Trållerrederiets Forening, Fiskebåtredernes Forbund og Fiskeridirektøren.

Bruk skrivemaskin eller blokkskrift ved utfyllinga.

.....

LISENSSKJEMA FOR NORSK FISKE I RUSSISK SONE I 1994.  
 LICENCE-APPLICATION FOR 1994. NORWEGIAN FISHING IN AREAS  
 OF THE BARENTS SEA ADJACENT TO THE COASTLINE OF RUSSIA

(kryss av)

1. Fartytype Type of vessel	Trålar/Trawler..... Ringnotfarty/Purse Seiner..... Linefarty/Longliner..... Garnfarty/Gillnetter ..... Sel, Kvalfangar/Sealer, Whaler.....
2. Reiskap Geartype(s)	Trål/Trawl ..... Not/Seine ..... Garn/Gillnet ..... Line/Longline..... Harpun, Kvalkanon/Harpoon, Whale-gun...
3. Viktigaste fiskesl. Main species	Torsk, hyse og annen torskeartet fisk/. Cod and whitefish..... Lodde/capelin ..... Reker/Shrimps ..... Sel/Harpseal ..... Småkval/Smallwhales (Mink whales).....
4. Tidsrom Time period	
5. Fartyets navn Vessel's name	
6. Registreringsnummer Registration number	
7. Radiokallesignal Radio call sign.	
8. Skipsregisterstad Home port	
9. Eigars namn/Owner's name Adresse/Adress	
10. Kapteinens namn Captain's name	
11. Antall mann Number of crew	
12. Motorstyrke (HK) Horse power of main engine(s)	
13. Farty lengde i fot Over-all length in feet	
14. Bruttotonnasje Gross tonnage	
15. Fart/Speed	
16. Byggjeår/Year built	

Stad:

Dato:

Underskrift: